

## **Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 16.09.2020**

**Mark Taylor (MDG)** sette på vegner av A, MDG, Sp, SV, V, KrF fram slikt forslag:

«Tillegg:

### **Plantema 4.1.1**

Føy til ", innafor rammene av målet om ei berekraftig utvikling." til slutten av plantema 4.1.1 slik at det vert:

Denne delen av plantemaet har som føremål å vidareutvikle det vi er gode på; legge eit grunnlag for å ivareta viktige basisnæringer og legge til rette for verksemder med vekstpotensial, innafor rammene av målet om ei berekraftig utvikling.»

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Taylor sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 3 røyster (FrP, FNB).

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Planprogram Regional plan for innovasjon og næringsutvikling blir vedteke slik det ligg føre og med endra framdriftsplan, og med følgjande tillegg (i uthøva skrift):

«4.1.1 Denne delen av plantemaet har som føremål å vidareutvikle det vi er gode på; legge eit grunnlag for å ivareta viktige basisnæringer og legge til rette for verksemder med vekstpotensial, **innafor rammene av målet om ei berekraftig utvikling.** »

2. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling får ein planperiode på 10 år.

3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å utarbeide mandat og føringer for arbeidsgruppene.